



Arkivnr: 2014/22536-1
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--------------------|--------|------------|
| Samferdselsutvalet | | 12.11.2014 |
| Fylkesutvalet | | 19.11.2014 |
| Fylkestinget | | 09.12.2014 |

Fylkesvegane - plan- og byggeprogram 2015

Samandrag

Fylkesrådmannen har lagt fram forslag til budsjett for 2015 og økonomiplanen for 2015-2018. Saka vert politisk handsama i fylkestinget den 9. og 10. desember 2014. Fylkesrådmannen legg med dette fram forslag til plan- og byggeprogram for 2015 på fylkesvegnettet. Plan- og byggeprogrammet er som tidlegare todelt med eitt som omhandlar Bergen (Bergensprogrammet) og eitt som omhandlar Hordaland utanom Bergen.

Den totale ramma for fylkesvegane er handsama i budsjettsaka. Som tidlegare år er dei strekningsvise prosjekta på fylkesvegnettet presentert i budsjettsaka. Fylkesrådmannen viser difor til denne for nærare beskriving og prioritering av dei einiskilde prosjekta. Dei strekningsvise prosjekta er og omtala i plan- og byggeprogrammet.

Denne saka tek for seg prioritering innafor programområda i Bergensprogrammet og Hordaland utanom Bergen. Saka tek og for seg fordeling av budsjettposten til standardheving (investeringar med vedlikehaldskaraktar).

Fylkesrådmannen legg fram forslag om 270 mill. kr. til programområda i Bergensprogrammet, og 93 mill. kr. til programområda i resten av Hordaland og 126 mill.kr til standardhevingstiltak.

Forslag til innstilling:

1. Fylkestinget vedtek plan- og byggeprogram 2015 for Hordaland utanom Bergen og Bergensprogrammet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Plan- og byggeprogram 2015 for Bergen (Bergensprogrammet)
2. Byrådet - saker med innstilling til bystyrets organer 309/14 «Bergensprogrammet – Plan og byggeprogram 2015 og Årsmelding 2013»
3. Plan- og byggeprogram for 2015 i Hordaland (utanom Bergen)

Fylkesrådmannen, 23.10.2014

1. Bakgrunn

Fylkesrådmannen har lagt fram forslag til budsjett for 2015 og økonomiplanen for 2015-2018. Saka vert politisk handsama i fylkestinget den 9. og 10. desember 2014. Denne saka tek for seg prioritering innafor programområda og standardhevingstiltaka. Fylkesrådmannen legg med dette fram forslag til plan- og byggeprogram for 2015 på fylkesvegnettet. Plan- og byggeprogrammet er som tidlegare todelt med eitt som omhandlar Bergen (Bergensprogrammet) og eitt som omhandlar Hordaland utanom Bergen.

Den totale ramma for fylkesvegane er handsama i budsjettsaka. Som tidlegare år er dei strekningsvise prosjekta på fylkesvegnettet presentert i budsjettsaka. Fylkesrådmannen viser difor til denne for nærare beskriving og prioritering av dei einskilde prosjekta. Dei strekningsvise prosjekta er og med i forslaget til plan- og byggeprogram.

Bergen bystyre vil handsama plan- og byggeprogram for Bergen (Bergensprogrammet) parallelt med Hordaland fylkeskommune. Byrådet innstiller til komitè og bystyre om å gi sin tilslutning til det framlagte plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet. Ny informasjon som kjem til om den politiske handsaminga av saka i Bergen kommune vil bli vedlagt saka etter kvart.

Fylkesrådmannen legg fram forslag om 270 mill. kr. til programområda i Bergensprogrammet, og 93 mill. kr. til programområda i resten av Hordaland og 126 mill.kr til standardhevingstiltak.

2. Plan- og byggeprogram 2015 (Bergensprogrammet)

Hovudprioriteringane for Bergensprogrammet er vedtatt av Stortinget. Det er med utgangspunkt i desse hovudprioriteringane at fylkeskommunen fastsett prioriteringane i dei årlege budsjetta. Bergen bystyre gir si innstilling til Hordaland fylkesting.

Vidareføring av Bergensprogrammet vart endeleg godkjent av Stortinget 28. mai 2013 (Jf. St.prp.nr. 143 S (2012-2013)). I ramma for Bergensprogrammet er det ikkje lagt opp til eit større bidrag av bompengar enn tidlegare ordning. Men det er lagt opp til ei auka satsing på programområda i forhold til tidlegare handlingsprogram.

Økonomien i Bergensprogrammet gjer at det er lite rom for justeringar i forhold til handlingsprogram for perioden 2014-2017. Totalt er det lagt opp til eit investeringsnivå på 1,8 mrd.kr. i Bergensprogrammet for 2015, inklusiv programområdetiltaka.

Når saka om handlingsprogrammet og plan- og byggeprogram var til politisk handsaminga i 2014, vart det vedteke at Hjeltestadvegen skulle forserast under føresetnad av at dette ikkje forseinka andre prosjekt. Dette er ikkje i tråd med gjeldande handlingsprogram, men er tatt med i plan- og byggeprogram for 2015 i samsvar med politisk vedtak. Venta byggestart for Hjeltestadvegen er tidlegst 2016 under føresetnad av at økonomien i Bergensprogrammet gir rom for dette.

Handlingsprogram for Bergensprogrammet (2014-2017) gir en ramme på 254 mill.kr. i 2015 til programområdetiltaka. Anna finansiering er bompengar med 56 mill.kr. og 16 mill.kr. i bidrag frå private. Forslag til fordeling til programområda er slik for 2015 (tal i 1000 kr):

| Programområde | HFK-midler | Anna finansiering | Sum løyving |
|--------------------------|----------------|-------------------|----------------|
| Miljø- og sentrumstiltak | 3 000 | | 3 000 |
| Gang- og sykkeltiltak | 55 000 | 54 000 | 109 000 |
| Trafikksikringstiltak | 28 000 | 2 000 | 30 000 |
| Kollektivtiltak | 51 000 | 16 000 | 67 000 |
| Planlegging | 51 000 | | 51 000 |
| Kommunikasjon | 3 000 | | 3 000 |
| Rv 580 Sandslikrysset | 7 000 | | 7 000 |
| Sum Programområde | 198 000 | 72 000 | 270 000 |

Miljø- og sentrumstiltak

Det er foreslått å bruke 3 mill.kr. til miljø- og sentrumstiltak neste år. Dette skal gå til gjennomføring av lovpålagte støyttiltak etter forureiningsloven.

Gang- og sykkeltiltak

Totalt er det foreslått å bruke 109 mill.kr. til gang- og sykkeltiltak i 2015. Hjeltestadvegen vil bli forsert og ein vil starta med prosjektera/grunnerverv i 2015. Dette er eit kombinert trafikksikringsprosjekt og gang- og sykkelprosjekt. Det er sett av 4,5 mill.kr. til Totlandsvegen som vart opna i oktober 2014. Det er planlagt å bruke 5 mill.kr. til detaljplanlegging/prosjektering av gang- og sykkelbru på Nygårdstangen. Potten diverse sykkeltiltak er på 5 mill.kr, som går til enkle framkomststiltak. Det er og satt av 2 mill.kr. til oppfølging av sykkelbyavtalen for Bergen. Bruken av disse midlene er styrt av prosjektgruppa, leia av sykkelsjefen i Bergen. Prosjekt som vil bli ferdigstilt i 2015 er sykkelveg Fabrikkgaten og sykkelfelt i Kringsjøvegen/Lyderhornveien ved Gravdal.

Det er ein betydeleg auke innafor dette programområdetiltaket med 10,6 mill.kr frå 2014.

Trafikksikring

Det er planlagt at ein skal nytta 30 mill.kr. til trafikksikringstiltak i 2015. Dei to største prosjekta er Totlandsvegen som vart opna i oktober 2014 og Hjeltestadvegen som får oppstartsløyving til prosjektering og grunnerv i 2015. Det er satt av 2,5 mill.kr. til Totlandsvegen og 2 mill.kr. til Hjeltestadvegen. Det er satt av 4,5 mill.kr. til TS-inspeksjon. Etter å ha gjennomført trafikksikkerheitsanalyser i fleire områder i Bergen, med sikte om å tryggje dei mjuke trafikkantane, er det sett av 16 mill.kr. til dette. Til diverse mindre ikkje – spesifiserte tiltak er det sett av 2 mill.kr (jf.- TS-planen for Bergen kommune).

Til trafikksikringstiltak er det ein liten nedgang frå plan- og byggeprogrammet 2014 med 3,6 mill.kr.

Kollektivtiltak

Forslaget på 67 mill.kr. er redusert med 10 mill.kr. i forhold til Handlingsprogram (2014-2017). Kollektivtiltak i Fyllingsdalen frå Allestadveien til Skarphaugen vil ha full anleggsaktivitet i 2015. Dette tiltaket er eit kombinert kollektiv og gang- og sykkeltiltak. Det er sett av 5 mill.kr. for å rusta opp haldeplasser og til kollektivsnuplass på Øvre Kråkenes med 7 mill.kr. Diversepotten på 5 mill.kr. tiltenkt tiltak knytta til framkomst m.m.

I 2014 var det løyvd 75 mill.kr. til kollektivtiltak. Ein ser då bort frå løyvinga til opprusting av Bergen busstasjon terminal sør (60 mill.kr.), der Hordaland fylkeskommune har forskottert finansieringa med seinare refusjon frå staten. Det er alt i alt ein nedgang på dette programområdetiltaket med 8 mill.kr frå 2014 til 2015.

Planlegging

Det er foreslått å nytta 51 mill.kr. til plantiltak. Størstedelen vil gå med til kollektivplanlegging og reguleringsarbeid for Bybanen mot Åsane og Bergen vest. Planleggingspotten er auka med 10 mill.kr. sett i

forhold til Handlingsprogram (2014-2017). Ein er usikker på om 51 mill.kr. er tilstrekkeleg. Ei utfordring er at det er knappe planleggingsressursar i Bergen kommune, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Målet er tross ressursknapphet å halde «trykket» oppe på plansida.

Forslaget betyr at ein igjen aukar midlane til planområdet vesentleg. Frå 2014 til 2015 utgjer dette 11 mill.kr.

Kommunikasjon

Det er som i fjor sett fram forslag til å nytta 3 mill.kr. Blant anna vil dette gå til å dekkja kommunikasjonsressursar, den årlege «Mobilitetsuken» og anna kommunikasjonsarbeid Bergensprogrammet.

Rv 580 Sandslikrysset

Det er tidlegare vedteke at dette tiltaket må finansierast innafor ramma for programområda, sjølv om dette ikkje er eit tradisjonelt programområdetiltak. Det er lagt fram forslag om å nytta 7 mill.kr. til Sandslikrysset i 2015.

3. Plan- og byggeprogram i Hordaland (utanom Bergen)

Som tidlegare er Plan- og byggeprogrammet for 2015 utarbeidd i saman med Statens vegvesen. Programområda er i samsvar med det som er lagt fram i handlingsprogrammet for fylkesvegnettet 2013 – 2017. Handlingsprogrammet til Regional transportplan er no under revisjon. Det vert vist til sak om «Regional transportplan Hordaland, revisjon av Handlingsprogram 2015 – 2017» som vert endeleg handsama av fylkestinget i desember 2014.

Fylkesrådmannen sitt forslag til fordeling mellom programområda for 2015 er slik (tal i 1000 kr):

| Programområde | HFK-midler | Anna finansiering | Sum løyving |
|---------------------------------|---------------|-------------------|---------------|
| Kollektivtiltak | 24 000 | | 24 000 |
| Trafikksikringstiltak | 25 600 | | 25 600 |
| Gang- og sykkeltiltak | 9 000 | 1 000 | 10 000 |
| Miljøtiltak | 4 600 | | 4 600 |
| Mindre utbedringar/til rådvælde | 14 000 | | 14 000 |
| Planlegging | 14 800 | | 14 800 |
| Sum Programområde | 92 000 | 1 000 | 93 000 |

Kollektivtiltak

For tredje året på rad aukar en dette programområdetiltaket. Endringa frå 2014 til 2015 er på 8,25 mill.kr. frå til 24 mill.kr. i 2015. Det er tidlegare meldt frå om at det er et stort behov for å utbetra haldeplasser, terminaler og knutepunkt i Hordaland. I all hovudsak er der det tiltak knytt til dette som gir auke frå 2014 til 2015. Det var satt av 2,1 mill.kr. til dette i 2014 og for 2015 er det planlagt å bruke 9,7 mill.kr.

Trafikksikringstiltak

Forslaget slik det ligg no vil i år igjen gi ei auke vesentleg auke innafor trafikksikringsarbeidet. I 2014 var løyvd 21,8 mill.kr. til dette arbeidet. Forslaget er på 25,6 mill.kr, det er spesielt potten for tiltak som er avdekkja etter TS-inspeksjon som er auka frå tidlegare. I 2014 var denne på 3,6 mill.kr. og i 2015 er det planlagt å nytta 7,5 mill.kr. til dette.

Gang- og sykkeltiltak

Det er lagt et forslag om å bruke 10 mill.kr. til gang- og sykkeltiltak i 2015. Programområdetiltaket for gang- og sykkel har auka med 3,4 mill.kr. frå 2014. Det er for 2015 lagt inn forslag om å nytta 0,8 mill.kr. til diverse mindre g/s-tiltak. Dette er mindre tilpassingar som gjer tilhøva for gåande og syklende tryggare og betre.

Miljøtiltak

Ein har ikkje funne behov for ei slik ekstrapott i år. Forslaget for 2015 er å nytta 4,6 mill.kr. til miljøtiltak som er ei nedgang frå i fjor med 1,9 mill.kr.

Mindre utbetringar/til rådvelde

Det er prosjekt/tiltak som ikkje naturleg fell inn under dei andre programområda. Men prosjekta vil likevel kunne ha positiv innverknad for mål knyt til andre programområde. For 2015 er det foreslått og nytta 14 mill.kr. til denne type tiltak. Dette er ein nedgang frå 2014 på 3,2 mill.kr.

Prosjekta som skal utbetrast er;

- Holmalia, Tysnes kommune
- Jondal ferjekai, Jondal kommune
- Bruvik, Osterøy kommune

Planlegging

Det er stort behov på plansida. I 2015 er det satt av 14,8 mill.kr. til planlegging. Dette er ei auke med 1,5 mill.kr. frå 2014.

Standardhevingstiltak

Standardhevingstiltak er ikkje eit programområdetiltak, men da det ikkje går fram av budsjettsaka fordeling på enkelttiltak er dette handsama i denne saka. I budsjettforslaget for 2015 er det ført opp ein budsjettpost til standardheving (investeringar med vedlikehaldskaraktar). Bakgrunnen for budsjettposten er ønskje om å redusere forfallet på vegnettet. Det er sterk vilje politisk om å auke denne posten noe som har bidrege til at ein har fått utført ein del standardheving av vegnettet.

I standardhevingsposten vert det sett av 44 mill.kr. til tunnelopprusting og for å imøtekomme tunnelføreseigna (sikkerheitskontrollar, periodiske inspeksjonar, sikringstiltak). Totalt utgjer standardhevingstiltaka slik forslaget ligg føre i alt 126 mill.kr. i 2015, inklusiv de 40 mill.kr. som ligg inne som forslag til statsbudsjettet for 2015 ti tunnelopprusting.